



NVE Høyringsuttale
Registreringsnummer: 5243

MELDING OM VEDTAK

— Dykkar ref: Vår ref Sakshand: Arkivkode: Dato:
2011/250-2 Jørn Ingar Sanda,35065151 S11 12.04.2011
jorn.ingar.sanda@seljord.kommune.no

Høyringsuttale- Utbygging av Sauland Kraftverk.

Her følgjer særutskrift av Formannskap/økonomiutval si sak nr. 10/11.

Med helsing

Jørn Ingar Sanda
Skogbruksjef



Seljord kommune

Arkiv: S11
 Saksnr.: 2011/250-1
 Sakshand.: Jørn Ingar Sanda
 Direkte tlf.: 35065151
 Dato: 16.03.2011

Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskap/økonomiutval	10/11	24.03.2011
Kommunestyret	18/11	14.04.2011

Høyringsuttale- Utbygging av Sauland Kraftverk.

Saksdokument:

www.nve.no/no/Konsesjoner/Konsesjonssaker/Vannkraft/?soknad=5243&stadium=&type=11

Saksutgreiing:

Høyringa gjeld søknad frå Skagerak Kraft AS om å bygge Sauland Kraftverk med to turbinar (Sauland I og II) som nyttar falla frå henholdsvis Hjartsjø og Sønderlandsvatn i Hjartdal kommune. Totalt vil desse to turbinane gje ein årsproduksjon på om lag 216 GWh. Dette tilsvarar årsforbruket til i overkant av 10.000 husstandar.

NVE viser i høyringsbrevet til eit konkurrerande prosjekt frå Sauland Bygdekraft SA. NVE ber om at høyringspartane vurderar kva av dei to prosjekta som eventuelt bør realiserast.

Seljord kommune står ikkje oppført som høyringspart jf. høyringsbrevet, sjølv om delar av nedbørsfeltet ligg i Seljord kommune.

Vurdering:

Seljord kommune blir ikkje fysisk berørt av ei eventuell utbygging.

Delar av nedbørsfeltet som soknar til ei eventuell utbygging ligg i Seljord kommune. Når det t.d gjeld Hjartdøla Kraftverk, der også delar av nedbørsfeltet ligg i Seljord, får Seljord kommune årlege inntekter.

Etter det administrasjonen foreløpig har funne ut, vil Seljord kommune ha økonomiske interesser dersom det blir utbygging som nyttar nedbørsfeltet i Seljord.

Rådmannen vurderar det som viktig at Seljord kommune blir tatt inn som part vidare i prosessen.

Rådmannen si tilråding:

Rådmannen rår utvalet til å gjere fylgjande vedtak:

Seljord kommune har ingen innvendingar mot den planlagde utbygginga av Sauland Kraftverk. Sidan delar av nedbørsfeltet ligg i Seljord ber Seljord kommune om å bli rekna som part vidare i prosessen.

Handsaming i Formannskap/økonomiutval - 24.03.2011

Rådmannens framlegg vart samrøystes vedteke

Vedtak i Formannskap/økonomiutval - 24.03.2011

Seljord kommune har ingen innvendingar mot den planlagde utbygginga av Sauland Kraftverk. Sidan delar av nedbørsfeltet ligg i Seljord ber Seljord kommune om å bli rekna som part vidare i prosessen.